



## Kjære familie og vener!

Dette året har vore pakka med hendingar, så vi har i grunnen vore i kontakt med fleire enn vanleg for ei lita oppdatering. På den andre sida så ER det jo slik at når peparkaker og anna godt duftar så SKAL ein oppsummere. Kanskje er det like sunt for den skrivande, forresten, å prøve å sjå ting i samanheng!

Skal ein ta med både godt og gale, så er det like greitt å ta det galne først, så er ein ferdig med det: Dette året har vi rett og slett bytt på å kjenne oss skrale! Dei sedvanlege forkjølingane og omgangssjukene kom tett som hagl i januar og februar, ferdig med ei runde var det rett på neste, side opp og ned i meldingsboka til Håkon. Så vande vart vi med å føle oss tufs at det tok tid før det gjekk opp for oss at Thomas i tillegg var både blodfattig og vitaminmanglande. Og som ikkje det var nok var det jo unemnelege (i alle fall i denne typen skriv) utvekstar av eit eit omfang som tilsa akuttoperasjon dagar før termin, og sidan ny operasjon i september. Sjølv var eg både mykje kvalmare, trøyttere og slitnare enn då eg skulle ha Håkon, og har slitt med låsningar i både rygg og sinn.

Så korleis skulle det gå å få ei heilt fersk lita jente inn i huset? Først av alt må vi seie at når utfordringane tårnar seg opp, så er det fantastisk at nokon kan hjelpe. Liv og Kåre sto etter avtale utrykningsklare for fødselen. Dei kunne dermed reagere raskt då krisa ramma og Thomas blei innlagd måndag, berre dagar før termin. Utskriven frå Haradsplass sjukehus fredag, og inn med oss begge på kvinneklinikken laurdag den 20. mai, for Marie Orlaug hadde det travelt. Berre 75 minutt etter ankomst KK hadde vi eit nytt, lite menneske i armane. Innan kort tid hadde ho spist, gulpa og somna, og dette var første peikepinn på hennar vesen: Alltid klar for mat, glad i å sove, og ut over det møter ho verda blid, vekslande mellom sindig observasjon og vill iver. Eit slikt barn er det ikkje vanskeleg å ha i huset, særleg ikkje etter at ho 10 veker gamal bestemte seg for å sove nettene igjennom!

Håkon har gått veldig opp i rollen som storebror. Han veit at små babyar treng masse kos, og erklærte tidleg at her skulle han stille opp! Maten kunne rett nok eg få lov til å ordne. Etter å ha tenkt seg om ei stund, kom han ellers fram til at pappa nok kunne få lov til å ta seg av bleiene. Og dette har ikkje blitt så langt frå sanninga. Kvar kveld må Marie få ligge på armen til Håkon medan Thomas les for han. Er ho med og hentar han på skule eller SFO, må ho visast fram! Elles spring han inn dørene for å helse på henne når han kjem heim, og er skuffa om ho søv. Og Marie er tilsvarande begeistra for storebroren sin. Godt er det at dei har så stor glede av kvandre, for vi ser jo at det ikkje alltid er lett for Håkon å måtte vente på oppmerksomheit, hjelp og kos, der han før var van med å ha oss for seg sjølv.

Om ikkje vi har vore så flakkeføre som tidlegare år, har vi både besøkt morfar i Eiksund i vinterferien og mormor samt bestefar & farmor i sommarferien. Sin 7. fødselsdag tilbragte Håkon på guttetur med pappa, Martin og onkel Nils Petter i Legoland. STORT! Vi har og hatt mykje godtfolk på besøk, mest familie men og gode vener. Endå meir håper vi på for det nye året! Då gjenstår det å sende dykk alle hjartelege ynskje om ei GOD JUL og eit GODT NYTT ÅR. Beste julehelsingar frå Flaktveit!